

### Møt vår 1. kandidat, Olaus!

Olaus er 51 år, gift og har tre voksne søner. Han arbeider nå til dagleg som økonomiansvarleg for Equinor i Libya og har før det vore økonomisk ansvarleg for sal av norsk gass til Europa. Han har budd store delar av livet i Sandnes, etter om lag ti år utanlands. No flyttar han heimatt til Heimdal.

For Olaus er det viktig å skape gode rammevilkår som stimulerer til kreativitet og utvikling i heile kommunen. Han er og oppteken av at det er viktig å skape før ein kan dele, slik at økonomien er god.

### Møt vår 2. kandidat, Marianne!

Marianne er 38 år, sambuar og tre born. Opphaveleg er ho frå Drangedal, men bur no i Nissedal på 16. året. Ho er utdanna dame- og herrefrisør og har bakgrunn som sjølvstendig næringsdrivande innan faget. I dag arbeider ho som kontormedarbeidar i eit av bygdas maskinentreprenørselskap.

Marianne brenn for at born og voksne i kommunen skal kunne meistre eigen kvardag med dei beste forutsetningar. Ho er opptatt av ei berekraftig næringsutvikling og at vi må gjere det vi kan for å halde ressursar i omløp så lenge som råd, og halde klimafotavtrykket nede.

### Møt vår 3. kandidat, Carl Erik!

Carl Erik er 72 år, gift og har 2 born og 5 barneborn. Oppvaksen i Danmark, men har budd dei siste 43 åra i Treungen. Han er fortsatt aktiv i arbeidslivet innanfor entreprenørvirke. Carl Erik er oppteken av at kommunen må satse på auka turisme, og fortsette med ein fornuftig hyttepolitikk. Han ser og på det å satse på lokale bedrifter som viktig, samt ein god eldreomsorg.

### Møt vår 4. kandidat, Lene!

Lene er 46 år, sambuar og har 3 born. Oppvaksen i Treungen, flytta i forbindelse med studiar, bl.a. budd ein del år i Oslo før ho flytta til Nissedal i 2008. Ho er utdanna rekneskapsfører og jobbar med rekneskap i det daglege.

Lene er oppteken av at borna skal ha ein god kvardag. For ein god skulekvardag ser ho det mellom anna som viktig å få til eit godt heim-skulesamarbeid med tidleg innsats. Ho tenker og at det er viktig i ein liten kommune å sjå, og ta i bruk heile kommunen, både grender og sentrum.

## Valliste Nissedal Høgre 2023 - 2027

- |                             |                             |
|-----------------------------|-----------------------------|
| 1. Olaus Sønderland *       | 8. Trygve Jensen            |
| 2. Marianne Vrålstad        | 9. Åshild Sollid            |
| 3. Carl Erik Winther Larsen | 10. Eli Britt Johansen      |
| 4. Lene Winther Larsen      | 11. Halvard Reinhard Sollid |
| 5. Michael Klaus Røhme      | 12. Jan Tore Nes            |
| 6. Kristian Grimstvedt      | 13. Anne Tveit              |
| 7. John Thrønsen            | 14. Tore Skåli              |

# Nissedal Høgre

## Valprogram 2023-2027



1. Olaus Sønderland



2. Marianne Vrålstad



3. Carl Erik Winther Larsen



4. Lene Winther Larsen

**Moglegheiter for alle!**



## Oppvekst:

Vi vil:

- ✓ ha høgt fokus på tidleg innsats i skule og barnehage.
- ✓ at skule/heim skal fokusere på å lære elevane gode arbeidsvanar slik at dei får nytte potensialet sitt etter ungdomsskulen.
- ✓ skape rom for at skulen på best mogleg måte kan sette inn ressursar der behovet er.

## Næring:

Vi vil:

- ✓ sørge for at kommunen opplevast positiv og løysingsorientert i alle møter med næringslivet og private.
- ✓ tilrettelegge for kommuneorganisasjonen som lærlingarena.
- ✓ stimulere til å starte ein folkehøgskule innan sykling og/eller klatring, i Nissedal.
- ✓ legge tilrette for ny aktivitet i samarbeid med lokalt næringsliv og nye aktørar.
- ✓ inkludere fritidsinnbygarane i arbeidet mot Nissedal som heilårskommune.

## Langsiktig utvikling:

Vi vil:

- ✓ fjerne buplikt på småbruk og heilårsbustader.
  - ✓ oppmode hyttefolk om å melde flytting til kommunen, der forholda ligg til rette.
  - ✓ tiltrekke seg framtidig kommunal kompetanse ved å gjere kommuneadministrasjonens målføre nøytralt.
  - ✓ jobbe for tiltak som gjer det lettare, og meir attraktivt, for folk å bygge nye bustader i kommunen.
  - ✓ jobbe med tiltak for å få ned sjukefråvær.
- ## Helse og omsorg:
- Vi vil:
- ✓ halde fram med bruken av velferdsteknologi, som ein trygggleik for brukarar og pårørande.
  - ✓ legge tilrette for ei utvida heimehjelp i form av vaktmeistertenester eller hjelp til andre praktiske oppgåver i og utanfor heimen.
  - ✓ ha eit større fokus på psykisk førstehjelp.

## Berekraftig ressursbruk:

Vi vil:

- ✓ prioritere tiltak som reduserer klimafotavtrykket.
- ✓ halde fram med hytteutbygging, på ein skånsam måte.
- ✓ auka fokus på gjenbruk og vedlikehald (ENØK), samt kjøp av produkt med lengre levetid.
- ✓ stimulere til meir utleige av produkt og tenester.

## Kultur og fritid:

Vi vil:

- ✓ tilrettelegge for auka uteaktivitet, både blant lokale og turistar.
- ✓ oppretthalde dei gode tilboda til born og unge, i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- ✓ gje tilbake av eigedomsskatten til fellestiltak, slik som støtte til løypelag og laurdagsope basseng og bibliotek.

## Nissedal Høgre

*ynskjer stor valfriheit og moglegheiter for alle.*

*Alle skal motta gode tenester frå det offentlege, uavhengig av kor i kommunen dei bur.*

*Vi støttar opp om private initiativ og ser verdien av ei berekraftig næringsutvikling.*

*Alle born i Nissedal skal få nytte sitt potensial gjennom å lære gode arbeidsvanar.*

*Både vaksne og born i Nissedal skal kjenne at dei høyrer til, at ein meistarar eigen kvardag og er inkludert i lokalsamfunnet.*

**Moglegheiter for alle!**

